



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/15636-2

Dykkar referanse:  
16/2838

Vår dato:  
23.02.2017

### Uttale til søknad om dispensasjon frå områdeplan for Knarvik sentrum – Gnr. 188 bnr. 384 og 416 – Gjervik Ytre – Lindås kommune

Vi viser til oversendt søknad om dispensasjon frå områdeplan for Knarvik sentrum, plan-ID 1263-201002. Dispensasjonssøknaden gjeld gnr. 188 bnr. 384 og 416, i felt BKB2.

#### Om dispensasjonssøknaden

I områdeplan for Knarvik er utnyttingsgrad for felt BKB2 satt til maks. 200%, jf. føresegn § 1.4. Til grunn for vedtak om utnyttingsgraden, låg at parkeringskjellar var helt nedgrave, og difor ikkje inkludert i utnyttingsgraden.

I skissene som ligg til grunn for dispensasjonssøknaden er parkeringskjellaren delvis nedgrave, og utnyttar høgdeskilnaden i terrenget. Parkeringsarealet vert då innlemma i utnyttingsgraden, og utgjør 80 %. Det søkaste difor om å auke utnyttingsgraden tilsvarende, til maks. 280 %.

Det vert òg søkt om dispensasjon frå maks etasjetal, regulert i føresegn §1.4. Det vert ikkje søkt om dispensasjon frå maks. byggjehøgde.

#### Vår vurdering

I denne saken uttalar vi oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Statens vegvesen legg til grunn for vår vurdering at den auka utnyttingsgraden i prosjektet ikkje aukar den reelle utnyttinga i felt BKB2. Omsyn til overordna vegnett vert difor ikkje endra som følgje av ein dispensasjon som omsøkt. Statens vegvesen har ingen merknader til kommunens handsaming av saka.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*